




Sogndal kommune

Politisk delegeringsreglement og delegering til rådmannen




Vedteke av kommunestyret 15.06.2017

Innhald

Politisk organisering	2
1.0 Innleiing og bakgrunn	3
Grunnlag og retningsliner for delegert mynde.....	3
2.0 Prinsipp for fordeling av mynde til politiske organ.....	3
Kommunestyret	3
Formannskapet	4
Forvaltningsutvalet	5
Velferds-, oppveksts- og kulturutvalet (VOK-utvalet).....	5
Administrasjonsutvalet	6
Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt.....	6
Klagenemnd for eigedomsskatt	6
Reglement for ordførar	6
Etiske retningsliner for folkevalde i Sogndal kommune	6
3.0 Delegasjon av mynde til rådmannen	6
Generell mynde til rådmannen	7
Spesiell mynde til rådmannen.....	8

Politisk organisering



1.0 Innleiing og bakgrunn

Føremålet med dette delegeringsreglementet er å leggje til rette for effektiv sakshandsaming overfor innbyggjarane ved å fordele vedtaksmynde til rett avgjerdsnivå, under omsyn til trongen for reell politisk styring, effektiv ressursutnytting og rettstryggleik.

Grunnlag og retningsliner for delegert mynde

Etter kommunelova av 1992 er all mynde som ikkje i særlov er lagt til anna organ, lagt til kommunestyret. Kommunelova sitt utgangspunkt er at kommunestyret – med nokre unntak – kan delegere all sin mynde, anten til formannskapet, utval eller til rådmann.

Delegering av mynde er å gjere arbeidsformer og vedtaksprosessar tenlege og effektive. Delegering frå kommunestyret til andre politiske organ og rådmannen gjev kommunestyret meir tid til å drøfte prinsipielle saker, vedta planar og retningsliner samstundes som politisk nivå vil ha god kjennskap til sjølve forvaltninga og tenesteytinga gjennom faste utval, dialogmøte og årlege rapporteringsrutinar.

Delegering gjev og ei klar ansvars plassering i høve til funksjonar og oppgåver i organisasjonen og gjer dette tydeleg for innbyggjarane. Det skal vere tydeleg skilje mellom politikk og administrasjon.

Ved å delegere mynde til administrasjonen til å ta avgjerd i ikkje prinsipielle saker, der avgjerda følgjer direkte av lov føresegn/regelverk eller frå kommunen sine egne planvedtak eller retningsliner, får administrasjonen frigjort ressursar og tid som kan nyttast til:

- Betre tenester til innbyggjarane
- Betre tilrettelegging av prinsipp saker, skjønnsprege saker og andre spørsmål som bør handsamast av politisk organ.
- Meir utviklingsretta arbeid.

2.0 Prinsipp for fordeling av mynde til politiske organ

Kommunestyret vedtek politisk organisering. Sogndal kommune har tre politisk organ¹ for handsaming av saker, med delegert mynde til å treffa vedtak/gje innstilling:

- Formannskapet.
- Forvaltningsutvalet, som og er planutval etter planlov og bygningslova § 9-1.
- Velferds, oppveksts- og kulturutvalet (VOK-utvalet).

Nedanfor følgjer eit oversyn over kva mynde som ligg til kommunestyret og til dei politiske utvala. Oversynet er generelt og ikkje med referanse til alle lovverka, slik at behovet for oppdatering av reglementet ved lovendringar vert redusert.

Kommunestyret

Etter kommunelova § 6 er kommunestyret det øvste organ i kommunen. Kommunestyret har dermed mynde til å treffe vedtak i alle saker som har med kommunen å gjere så langt ikkje anna følgjer av lov. Kommunestyret gjer vedtak i alle saker der mynde etter lova ikkje kan delegarast til andre, mellom anna:

Det er etter kommunelova å:

- Velje formannskap og fastsetje området for kommunen sin verksemd - jf. § 8 nr. 1 og 3.

¹ Disse utvala er styrt av eige reglement sist vedteke 16.02.17

- Velje ordførar og varaordførar - jf. § 9.
- Opprette og nedleggje faste utval og vedta området for deira verksemd - jf. § 10.
- Opprette styre for kommunal institusjon - jf. § 11.
- Gje mynde i hastesaker - jf. § 13.
- Tilsetje rådmann - jf. § 22 nr. 2.
- Vedta at leiande stillingar skal tilsetjast på åremål - jf. § 24 nr. 2.
- Opprette interkommunale styre og gje dei mynde til å treffe vedtak som høyrer inn under verksemda si drift og organisering - jf. § 27 nr. 1.
- Overdrage tariffmynde til ei interkommunal samanslutning - jf. § 28.
- Vedta samarbeidsavtale for vertskommunesamarbeid etter §§ 28-1b og c, jf. §28-1e.
- Fastsetje reglement for sakshandsaminga i politiske organ - jf. § 39.
- Ta stilling til innbyggjarinitiativ - jf. § 39a.
- Vedtak og vesentlege endringar av økonomiplanen - jf. § 44 nr. 6.
- Vedtak og vesentlege endringar av årsbudsjettet - jf. § 45 nr. 2.
- Velje kontrollorgan - jf. § 77 nr. 1.
- Velje revisor - jf. § 78 nr. 3.
- Opprette kommunalt føretak - jf. § 62.
- Endre vedtekter til kommunalt føretak - jf. § 63 nr. 2.
- Velje styre i kommunale føretak og peike ut leiar/nestleiar - jf. § 65 nr. 3 og 4 og § 66 nr. 3.

Det er etter plan- og bygningslova å:

- Ha leiinga av den kommunale planlegginga og sjå til at plan- og bygningslovgjevinga vert følgd - jf. § 3-3.
- Vedta kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan - jf. § 3-3, § 11-15 og § 12-12.
- Ekspropriasjon uavhengig av reguleringsplan - jf. § 16-3.
- Ekspropriasjon til vass- og avløpsanlegg - jf. § 16-4.
- Føresetnader for bruk av utbyggingsavtale - jf. § 17-2.
- Fastsette gebyr for tenester etter lova - jf. § 33-1.

Kommunestyret har så sant ikkje mynde er særskilt delegert til andre organ eller til rådmann følgjande mynde:

- Fastsette mål og forventningar til tenesteproduksjonen.
- Vedta temaplanar og andre overordna planar.
- Vedta reglement som set rammer for tenesteproduksjonen.
- Vedta kommunale forskrifter.
- Vedta kommunale gebyr/betalingsattsar og retningslinjer for bruk av gebyrinntekter.

Formannskapet

Kommunestyret delegerer følgjande mynde til formannskapet:

- Gje tilråding til kommunestyret m.a. når det gjeld årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan og i andre saker som skal leggjast fram for kommunestyret og der mynden til å tilrå ikkje er lagd til anna utval.
- Handsame eller gje tilråding i saker med økonomiske konsekvensar utover rammene i økonomiplan, eller ut over fullmakter til budsjettendringar i økonomireglementet. Saker som kjem frå utvala, og som har økonomiske konsekvensar, skal gå via formannskapet.

- Vedta sal av kommunale bygg og eigedomar eller kjøp av eigedom som går ut over fullmaktene i økonomireglementet.
- Vedta prinsipielle saker innanfor nivå på tenestetilbod/definere nivå på tenestetilbod.
- Gje tilråding til kommunestyret i saker som kommunestyret sjølv vedtek å ta opp i møte til røystring.
- Gjere vedtak som klagenemnd, jf. forvaltningslova § 28. Har formannskapet gjort førstegongsvedtak i ei klagesak går klagen til kommunestyret.
- Nemnar opp råd, arbeidsgruppe, mellombels komité m.v. eller kommunal representant i slike, dersom mynde til slik oppnemning ikkje særskild er gjeve til andre organ eller til rådmann.
- Fastset offisiell adresse og namn på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg o.l. jf. stadnamnlova § 5. Formannskapet har delegert mynde til å gje uttale på vegne av kommunen, jf. § 6.
- Gjer vedtak som valstyre etter vallova.
- Mynde til å krevje avgift på friluftsområde, jf. friluftsløva.
- Gjer vedtak knytt til løpande drift der rådmann ikkje har slik fullmakt.

Forvaltningsutvalet

Kommunestyret delegerer følgjande mynde til forvaltningsutvalet:

- Gjev tilråding direkte til kommunestyret innanfor utvalet sitt myndeområde og som ikkje har økonomiske konsekvensar ut over vedteken økonomiplan. Saker som kjem frå utvalet, og som har økonomiske konsekvensar, skal gå via formannskapet.
- Handsame saker etter plan- og bygningslova, unnateke kommuneplanar og kommunedelplanar og der lova legg mynde direkte til kommunestyret, eller mynde er delegert til andre frå kommunestyret, m.a.:
 - Fastsetjing av planprogram til reguleringsplan etter pbl. § 12-9 og legg ut framlegg til reguleringsplanar til offentleg høyring.
 - Vedtak av mindre reguleringsplanar etter pbl. § 12-12 når desse er i samsvar med rammer og retningslinjer i ein arealdel av kommuneplanen.
 - Vedtak av mellombelse dele- og byggjeforbod etter pbl, kapittel 13.
- Handsame søknadar etter konsesjonslova § 5 og §11.
- Mynde etter jordlova til å gje pålegg om jordutleige, jf. § 8, 3. ledd, gjere vedtak om fritak frå driveplikt, jf. § 8a samt gjere vedtak i saker som gjeld deling av driftseining, jf. § 12.
- Tek avgjerd der det har kome innvendingar frå høyringsinstansane på «*Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar*» jf. Skogbrukslova § 7 om vegbygging.

Velferds-, oppveksts- og kulturutvalet (VOK-utvalet)

Kommunestyret delegerer følgjande mynde til Velferds-, oppveksts- og kulturutvalet (VOK-utvalet):

- Tilrå kommunestyret å gjere vedtak om temaplanar/kommunedelplanar.
- Vedta planprogram for temaplanar/kommuneplanar eller gjera anna prosessleiane vedtak om korleis arbeidet med desse planane skal gjennomførast, m.a. bruk av høyringar, høyringsmøte og anna innbyggjarmedverknad.
- Gjere vedtak etter alkohollova kapittel 3 og 4, knytt til sal og skjenking av alkohol, i saker som ikkje er dekkja i reglementet i kommunale reglar for sal og skjenking av alkohol 2016 – 2020.
- Fordele kulturmidlar.
- Tildele kulturpris og ungdomsstipend.

Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet er eit partssamansett utval etter § 25 i kommunelova og er kommunen sitt politiske organ i personal- og organisasjonssaker, og har som arbeidsområde dei oppgåvene som er knytt til kommunen sin arbeidsgjevarfunksjon.

Administrasjonsutvalet gjer vedtak innan dei rammer og retningslinjer som følgjer av lov, reglement eller vedtak i kommunestyret/formannskapet.

Kommunestyret delegerer følgjande mynde til administrasjonsutvalet:

- Vedta reglement/retningslinjer innanfor arbeidsområdet, m.a. tilsetjingsreglement, arbeidsreglement, permisjonsreglement og fleksitidsreglement.
- Avgjere tilsetjing av kommunalsjef og tenesteleiar der tillitsvald er usamd i rådmannen si innstilling.

Administrasjonsutvalet har rett til å gi uttale:

- Til økonomiplan og årsbudsjett.
- Ved tilsetjing av rådmann.

Forhandlingsansvaret med arbeidstakarorganisasjonane er delegert til rådmannen. Administrasjonsutvalet kan også delegere anna mynde til rådmann.

Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt

Sakkunnig (takstnemnd) for eigedomsskatt er eit særutval med mynde etter eigedomsskattelova kap. 5.

Klagenemnd for eigedomsskatt

Klagenemnd for eigedomsskatt er eit særutval med mynde etter eigedomsskattelova kap. 5 og 6.

Reglement for ordførar

Kommunestyret vedtok 16.02.17 eit eige reglement for ordførar.

Etiske retningslinjer for folkevalde i Sogndal kommune

Kommunestyret vedtok 16.02.17 etiske retningslinjene for folkevalde i Sogndal kommune som omfattar alle folkevalde og dei som frå partilister eller partiframlegg deltek i utval, komitear eller arbeidsgrupper. Retningslinjene gjeld og andre som vert oppnemnd av kommunestyret/andre politiske organ som representant i kommunale heileigde eller deleigde verksemdar eller selskap.

3.0 Delegasjon av mynde til rådmannen

Mynde som vert delegert til administrasjonen går alltid til rådmannen. Mynde til rådmann kan vera delegert direkte frå kommunestyret. Andre folkevalde organ kan innanfor si mynde delegera mynde til rådmann, under føresetnad av at kommunestyret i delegasjonen til utvala ikkje har avgrensa høve til vidaredelegering.

Det er ein føresetnad at saker delegert til rådmann ikkje er av prinsipiell betydning. Det inneber m.a. at det ligg føre føringar frå lover/sentrale føresegner, frå kommunen sine egne planvedtak/føresegner/retningslinjer, eller at tilsvarande sak er politisk handsama og at vedtak kan gjennomførast innanfor vedteken økonomiplan. Avgjerder som er fagleg prega og har lita grad av skjønn, vert rekna som ikkje prinsipielle. Rådmannen har høve til å handsame saker som har prinsipielle element i seg ved å leggja dei fram for politisk utval

som ei einskild sak eller å trekkja ut dei prinsipielle spørsmåla og leggje dei fram for politisk handsaming, før einskildsaka vert avgjort administrativt.

Prinsipiell avgjer er følgjande:

- Avgjerd som krev ei breiare skjønsmessig vurdering.
- Avgjerd der det er politiske vurderingar eller prioriteringar.
- Avgjerd der ein innleier ein ny praksis.
- Avgjerd som medfører økonomiske konsekvensar utover planlagt aktivitet.

Einskildsaker og saker som ikkje er prinsipielle, vert delegert til rådmannen. Mynde i lov, som i dette delegeringsreglementet ikkje er delegert frå kommunestyret til politiske utval, er delegert til rådmann. Endringar i lover og forskrifter vil automatisk koma inn under delegert mynde dersom det ikkje strid mot lova, eller kommunestyret vedtek noko anna.

Ved klage over eit administrativt vedtak kan saka gå direkte frå administrasjonen til eksternt klageorgan. Dette føreset at saka ikkje har prinsipielle element eller kan etablera ny praksis.

Rådmann tilrår overfor formannskapet, forvaltningsutvalet og velferd-, oppveksts- og kulturutvalet (VOK-utvalet).

Generell mynde til rådmannen

Rådmann har følgjande generelle mynde:

- Rådmannen har ansvar for den kommunale drifta jf. kommunelova §§ 23, 24.
- Rådmannen har vedtaksmynde i alle saker av ikkje prinsipiell art, med unntak av der kommunestyret gjennom reglement legg dette myndet til eit politisk organ.
- Rådmann har mynde til å varsle alle saker og førebu alle saker for vedtak.
- Rådmannen har mynde til handsaming av byggesaker etter fjerde del i pbl.
- Rådmannen har mynde til å gjere små endringar i reguleringsplanar etter pbl. § 12 - 14.
- Rådmannen har mynde etter pbl. kapittel 19 til å avslå søknader om dispensasjon etter plan og bygningslova, og samtykkje i dispensasjonssaker der det ikkje ligg føre merknader frå berørte partar. Klage på avslag om dispensasjon vert handsama i forvaltningsutvalet.
- Mynde til løyve i alle saker som omhandlar sal og skjenking av alkohol, der søknad ligg innanfor retningslinene i kommunale reglar for sal og skjenking av alkohol 2016 – 2020, vert delegert til rådmann.
- Rådmannen har vedtaksmynde i saker som gjeld forhold mellom kommunen som arbeidsgjevar og den einskilde tilsett jf. reglement, medrekna oppretting/nedlegging av stillingar innan budsjettet.
- Rådmannen har mynde til å disponere budsjett innanfor kvar teneste.
- Rådmannen har mynde til å inngå innkjøps- og driftsavtalar innanfor normal drift og i samsvar med budsjetttrammer.
- Rådmannen kan delegere vidare sin mynde innen administrasjonen jf. rådmannen sitt delegeringsreglement.

Fast eigedom

- Avhende eller ta erverv av mindre areal (under 500 kvm) innanfor budsjetterte rammer.
- Ivareta kommunen sin grunneigarinteresse når det gjeld nabovarsel etter plan og bygningslova.
- Ivareta kommunen sine interesser i høve teknisk infrastruktur.
- Kjøpe bustader når det er løyvd pengar i gjeldande årsbudsjett.

Lønsforhandlingar/personalforvaltning

Politiske representantar i administrasjonsutvalet fastset løn for rådmann.

Elles vert all mynde innan personalforvaltning/lønsfastsetting delegert frå kommunestyret til rådmannen som etter gjeldande HTA/HA kan delegerast, under dette lokale lønsforhandlingar og godkjenning av sentrale særavtalar.

Mynde i rettslege tvistar

I sivile saker har rådmannen prosessfullmakt. Rådmannen kan som prosessfullmektig ta imot forkyning, gje tilsvar og andre prosesskriv, erklære motsøksmål, intervensjonssøksmål, anke og krevje kjærsmål. Det kan gjevast rett til å krevje fullbyrding av innhaldet i dommen, så langt loven tillet det.

Der det er fare for at krav kan gå tapt har rådmannen, på vegne av kommunen, rett til å reise søksmål.

Rådmannen har rett til å engasjere ekstern advokat for å ivareta kommunen sine interesser i sivile tvistar.

Ved lovbrøt har rådmannen mynde til å melde forholdet til politiet. Vidare har rådmannen mynde til å krevje påtale der kommunen vert den fornærma part, og krav om påtale er naudsynt for tiltale. Rådmannen har mynde til å påklage straffesaker som vert lagt vekk der kommunen er den fornærma part og har kravd påtale.

Anna

Det vert vist til økonomireglementet og reglement for finansforvaltning med tilhøyrande delegasjon.

Rådmannen signerer på vegne av kommunen, der det ikkje i eller i medhald av lov eller avtale, er lagt til ordførar, jf. Kommunelova § 9 nr 3.

Spesiell mynde til rådmannen

All mynde etter følgjande lover som ikkje ligg til andre, ligg til rådmann:

- Alkoholova av 02.06.89 nr 27.
- Arkivlova av 04.12.92 nr 126.
- Barnehagelova av 17.06.05 nr 64.
- Barnevernslova av 17.07.92 nr 100.
- Brann- og eksplosjonsvernlova av 14.06.02 nr 20.
- Eigarseksjonslova av 23.05.97 nr 31.
- Eldrerådslova av 08.11.91 nr 76.
- Film og videogramlova av 15.05.87 nr 21.
- Folkebiblioteklova av 20.12.85 nr 108.
- Folkehelselova av 24.06.11 nr 29.
- Forureiningslova av 13.03.81 nr. 6.
- Forpaktingslova av 25.06.65.
- Forvaltningslova av 10.02.67.
- Friluftsløva av 28.06.57 nr 16.
- Helgedagsfredlova av 24.02.95 nr 12.
- Helse- og omsorgstenestelova av 24.06.11 nr 30.
- Hundelova av 04.07.03 nr 74, inkl.
 - Vedta kommunale forskrifter etter lova.
- Introduksjonslova av 04.07.03 nr 80.
- Jordlova av 12.05.95 nr 23.
- Kommunelova av 25.09.92 nr 107.
- Konesjonslova av 28.11.03 nr 98.
- Lakse- og innlandsfiskeloven av 15.05.92 nr 47.

- Matrikkelova av 17.06.05 nr 101.
- Motorferdselslova av 10.06.77 nr 82, inkl.
 - Vedta kommunale forskrifter etter lova.
- Naturmangfaldlova av 19.06.09 nr 100.
- Opplæringslova av 17.07.98 nr 61.
- Plan- og bygningslova av 27.06.08 nr 71, inkl.
 - Mynde til å ileggje tvangsmulkt etter pbl. § 29-7b og § 32-5.
 - Mynde til å ileggje overtredelsesgebyr etter pbl. § 29-7c og § 32-8.
- Serveringslova av 13.06.97 nr 55.
- Sivilbeskyttelseslova/Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile vernetiltak og Sivilforsvaret av 25.06.10 nr 45.
- Skogbrukslova av 27.05.05 nr 31.
- Smittevernlova av 05.08.94 nr 55.
- Stadnamnlova av 18.05.90 nr 11.
- Straffelova av 22.05.02 nr 10.
- Sosialtenestelova/Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga av 18.12.09 nr 131.
- Tinglysingslova av 07.06.35 nr 2.
- Tobakksskadelova av 09.03.73 nr 14.
- Vaksenopplæringslova av 19.06.2009 nr 95.
- Vassressurslova/Lov om vassdrag og grunnvann av 24.11.00 nr 82.
- Vass- og avløpsanleggslova av 16.03.12.
- Veglova av 21.06.63 nr 23.
- Viltlova av 29.05.81 nr 38.